



Legehelikopteret er på plassen. Det same er naudetatane ( Arkivfoto mars 2019 ).

**Politiet melder på Twitter om bilulukke i Uskedalen, i sentrum ved Uskedal skule. Naudetatane er på plassen. Luftambulansen landa på Stølen kl. 11.50, like ved plassen der ulukka skjedde. Bilen køyrde gjennom eit gjerde og bilføraren er bevisstlaus. Gjenoppliving pågår.**

Forbipasserande har fått bilføraren ut av bilen og starta straks HLR. Meir informasjon når det føreligg faktaopplysningar. Luftambulansen letta kl. 12.35 i retning Bergen.

***Det siste: Det er stadfesta at bilføraren døydde på staden. Dødsårsaka kan vera eit illebefinnande. Operasjonsleiar i Vest Politidistrikt, Morten Rebnov, melder dette.***

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal